Til politikarane i Stord Kommune.

Stord og Huglo Bondelag ser med stor uro på forslaget om oppseiing av avtalen om eit felles landbrukskontor. Me er særs nøgde med den breie og gode fagkompetansen kontoret har i dag. Me treff alltid nokon på telefonen når me ringjer og får den hjelpa me treng.

Konsekvensen, slik me ser det, er ei svekking av servicen og fagkompetansen frå Stord kommune til landbruksnæringa. Ein bør heller utvida samarbeidet med nabokommunane for å få eit endå betre kontor. Dette kan òg gje ei innsparing for kommunane.

Større fagmiljø gir betre kvalitet på tenestene, betre spesialkompetanse og er mindre sårbart. Dette gjer og at større einingar gjerne vil vera meir attraktive i høve til nyrekruttering.

Rådmannen meiner at ein ved å sei opp avtalen kan få ei innsparing og auka fokus på miljø og kulturminnevern.

Stord-Fitjar Landbruks og miljøkontor har ei brei fagkompetanse på alle faga som dei arbeider med, miljø og kulturminnevern er dei særs gode på. Dette er viktig for oss i landbruksnæringa, men den landbruksfaglege kompetansen som husdyr, økonomi og bruksutbyggjing er minst like viktig for oss!

Det er eit sterkt ønskje frå landbruksnæringa om at Stord kommune vil fortsetje samarbeidet med Fitjar om felles landbruks og miljøkontor!

Med helsing Stord og Huglo Bondelag
v/ Erik Willgohs og Torunn Eikeland

1.12.16